



Sund Sokneblad

Nr. 6
12. desember 2017
Årg. 86

Gudsteneste med LysVaken



Ved inngangen til advent vart LysVaken avvikla i Sund kyrkje. Dette opplegget for 11-åringar starta laurdag 2. desember med diverse aktivitetar i kyrkja og overnatting der til søndag 3. desember då dei trettisju deltakarane tok del i gudstenesta.

side 11

Julemessa

Den årlege julemessa i Kyrkjekjellaren vart i år avvikla laurdag 18. november. Som vanleg var mange til stades, kjøpte årar og lodd og koste seg med noko å eta. Dei 71.000 kr som kom inn skal nyttast til nytt sanganlegg i Sund kyrkje.

side 4

Bibelutdeling

Søndag 29. oktober vart bibelen i utdrag delt ut til 5. klas-singane i kommunen. Dei som var til stades i Sund kyrkje denne dagen fekk delt ut boka av Hildegunn B. Myklebust medan dei stod oppstilte framme ved altaret.

side 5

Salmefest

Sotra Reviderte, Øygardskoret og Sangkompaniet møttest i Sund kyrkje til ein salmefest for Martin Luther, som hadde skrive eller omsett alle salmane som vart framført. Dette var den andre av tre konsertar i regionen.

side 7

Myldredag

I løpet av eit semester er det myldredagar både i Kyrkjekjellaren og i Kausland kyrkjelydshus. Vi var til stades på Kausland då myldredagen var skipa til der onsdag 15. november med mat og ulike aktivitetar.

side 10

Pastoralt perspektiv

Tar Johannes feil?

I desember jaktar vi på JULESTEMNINGA! Vi leitar etter den gode følelsen som tradisjonar og førebuingar bringer med seg. Og nokre av oss kjem lett i stemning, medan andre (underteikna inkludert) strevar litt meir... Ja, eg må innrømme at den gode følelsen ofte lar venta på seg!

Men det gjer vel strengt tatt ikkje noko, for julestemninga er faktisk ikkje noko mål i seg sjølv! Det er møtet med FRELSAREN som er målet! Han kjem ikkje for å skapa stemning (sjølv om han sikkert ikkje har noko imot den), men for å laga HIMMEL-VEG for oss!

Jesus er ikkje ein av mange ingrediensar som skal til for å oppnå julestemning. Nei, han er istaden den som det heile står og fell med! For jul utan Jesus, er ei jul utan håp! Dei gode jule-duftene og koselege tradisjonane kan rett og slett ikkje gje oss håp, sjølv om dei sikkert kan gje oss stemning...

Kanskje du som les desse linjene, trur at presten ynskjer å vera ein gledes-drepar som vil tradisjonar og julekos til livs. Men då trur du feil! Eg ynskjer tvert imot å slå eit slag for gode, gamle juletradisjonar og familiekos i vintermørket!

Men mitt enkle poeng er dette: Kva sit vi att med – når julematen er oppeten, julegåvene er stua vekk og kvar dagen krev sitt? Dersom julestemninga var målet, får døyparen Johannes rett, når han like før jul seier: «Midt imellom dykk står ein som de ikkje kjenner». (Joh 1,26) Måtte Johannes ta grundig feil i sin påstand! Men får han derimot rett – så er vi vel ganske fattige, midt i vår rikdom. For utan Jesus er vi håp-lause! Utan Jesus manglar vi det Levande Håpet, håpet om ei framtid som sjølv ikkje døden kan ta ifrå oss!

Når desse linjene vert lesne er vi vel godt i gang med å tenna adventslys, hengja opp julestjerner og kjøpa julegaver til slekt og vener. Og dermed er julestemninga innan rekkevidde...

- Tenk om dei 4 adventslysa vi tenner – er eit signal om at det er rom for JESUS i vårt herberge!
- Tenk om julestjerna vi heng opp i våre vindauger – er eit signal om at vi set vår lit til JESUS!
- Tenk om julegåvene vi gjev kvarandre – også er eit uttrykk for at vi vil ta imot GUDS gåve til oss!

Og slik kunne vi halda fram med å lista opp teikn på HÅP...

Måtte vi alle vera rike på dette – også mellom nyttår og jul!

Velsigna julehelg!

Kjell-Asle Børnes

Velkommen til gudsteneste

17. desember – 3. søndag i adventstida – Luk 3,7-18

KAUSLAND kyrkje kl 18:00 «Heile familien syng jula inn» Andakt v/Kjell-Asle Børnes. *Song: Stjernekorset, Betweeneskoret og Sangkompaniet.* Takkoffer: Kyrkjemusikalsk arbeid

24. desember – Julaftan – Luk 2,1-20

KAUSLAND kyrkje kl 14.30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Song: Roy Vorland. Musikk: Aslaug Ottestad.* Takkoffer: Kirkens nødhjelp

SUND kyrkje kl 16.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Song: Roy Vorland, Stjernekorset og Betweeneskoret. Musikk: Aslaug Ottestad.* Takkoffer: Kirkens nødhjelp

25. desember – 1. juledag – Joh 1,1-14

SUND kyrkje kl 12.00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. *Musikk: Aslaug Ottestad.* Takkoffer: NMS

26. desember – 2. juledag – Joh 1,1-14

KAUSLAND kyrkje kl 12.00 Høgtidsgudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. *Song: Sund Blandakor. Musikk: Aslaug Ottestad.* Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

01. januar – Nyårsdag/Jesu namnedag – Matt 1,20b-21

SUND kyrkje kl 12.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

07. januar – Kristi openberringsdag – Luk 2,40-52

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Normisjon

14. januar – 2. søndag i openberringstida – Mark 1,3-11

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Gideon. SØNDAGSSKULE!

21. januar – 3. søndag i openberringstida – Joh 4,4-26

SUND kyrkje kl 18.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og konfirmantane. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

28. januar – Sámannssøndag – Rom 10,13-17

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Bibelselskapet

04. februar – Kristi forklåringsdag – Mark 9,2-13

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. SØNDAGSSKULE!

11. februar – Fastelavssøndag- Joh 12,20-33

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. *Utdeling av 4 års-boka.* Dåp Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

18. februar – 1. søndag i fastetida – Matt 16,21-23

SUND kyrkje kl 18.00 Bønevandrings-gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjestykk - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 56 33 94 27

Nettside

Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkjelydane i Sund.
Kyrkjevevja har det redaksjonelle ansvaret.
På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

Velkomen til Den norske kyrkja i Sund si nettside. Her finn du informasjon om verksemda, kontaktinformasjon og formell informasjon om det som gjeld kyrkja sine tenester. Denne nettsida er lik nettsidene til Fjell og Øygarden (og kyrkja sentralt). Nettsida (publikasjonsløyvinga) er bygd på eit rammeverk levert av Kirkepartner IKT som er kyrkja sitt eige IKT-selskap.

Nettsida er operativ.

Olav Martin Vik
Kyrkjevevje i Fjell, Sund og Øygarden



DEN NORSKE KYRKJA

Kjære innbyggjar i Sund

Når du les dette bladet er me inne i adventstida, for mange ei travel tid med oppgåver fram mot jul og deltaking på mange ulike aktivitetar. Eg tenkjer at særleg de foreldre med barn i barnehage og i skule fer frå den eine avslutninga til den andre samstundes som de skal ha tid til dykk sjølve og borna dykkar og også førebu jula. Det er ei hyggeleg tid, men til tider krevjande. Me i kyrkja ønskjer å fokusere på kva advent og jul handlar om. Det vil me få fram i våre gudstenester og andre samlingar fram mot jul og i jula. Gud krev ikkje mykje av oss, me skal berre festa blikket på Jesus.

Me har starta prosessen med samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda. Det fører til endringar. Me må finne gode løysingar som gjer at kyrkja vert til stades lokalt, sterkt synleg og arbeidande mellom menneska i den nye kommunen. Som prosjektleiar for samanslåinga ønskjer eg presisere at dette er grunnleggjande viktig i vår tenking om framtida. I bladet kan du lese om kyrkjeleg fellesnemnd og prosjektstaben.

Me nærmar oss slutten av 2017. Året vart annleis enn eg hadde tenkt. Eg takkar for tilliten og mottakinga i Fjell og Sund, etter å ha fått tildelt rolla som kyrkjevevje i Fjell, Sund og Øygarden og som prosjektleiar for samanslåinga. Eg ønskjer også å seie at med meg har eg flotte og dyktige medarbeidarar i alle tre fellesrådsområda. Dei har tatt godt i mot meg og utan desse flotte menneska, også dei kyrkjelege råda, vil eg ikkje lukkast i mi rolle.

Mine medarbeidarar og eg vil ønske deg ei velsigna god jul, eit godt nytt år, og så takkar me for året som snart er omme.

Olav Martin Vik
Kyrkjevevje

Føremiddagstreffa

Sjølvs om programmet for heile vårsemesteret framleis ikkje er klart, er det klart at det blir føremiddagstreff denne våren og med først ein felles lunsj og deretter ein gjest som snakkar om eit eller anna tema. Vel møtt til alle som har høve å koma på dette tidspunktet.

31.01 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Torbjørn Fjøren
Tema: Ikkje fastsett

28.02 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Kjell-Asle Børnes
Tema: Ikkje fastsett

21.03 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Bjørn Sæle
Tema: Ikkje fastsett

25.04 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Annbjørg Barane
Tema: Ikkje fastsett

30.05 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Ikkje fastsett
Tema: Ikkje fastsett

Onsdags- treffa

Første onsdagen i månaden er det treff i **Aktivitetssenteret** i Skogsskiftet. Onsdagstreffa tek til kl. 11.00. Denne våren blir onsdagstreffa på desse datoane:

Onsdag 3. januar

Onsdag 7. februar

Onsdag 7. mars

Onsdag 4. april

Onsdag 2. mai

Onsdag 6. juni

Julemessa gav 71.000 kr til nytt sanganlegg



FOTO: NILS OVE SKOGE

Julemessa/basaren i kyrkjekjellaren på Klokkarvik gjekk av stabelen 18.11. Her var fullt hus og god stemning. Betweenskoret og Stjernekolet song saman denne gongen (biletet). Svein Marius Myklebust

hadde andakt.

Vi takkar alle som har hjelpt til med gevinstar, sal av lodd, kjøp av lodd, kakebaking og praktisk arbeid!

I år gjekk inntekta til nytt sanganlegg til Sund kyrkje. Vi er glade for at vi kan takke for eit netto overskot på 71000 kr. Tusen takk!

Brynild Enerhaug

Musikken var ved Sund Brass...



Under gudstenesta i Kausland kyrkje 19. november var det musikk ved Sund Brass.

FOTO: ASTRID DÅVØY BØRNES



Diakon Hildegunn B. Myklebust delte ut bibelboka.

Ein del av 5. klassingane i kommunen hadde møtt fram i Sund kyrkje for å ta imot bibelboka som vart delt ut til dei.

Bibelboka til 5. klassingane

Siste søndagen i oktober hadde ein del av 5. klassingane i Sund funne vegen til gudstenesta i Sund kyrkje. Dette var dagen då dei skulle få utdelt bibelen, eller i det minste eit utdrag av bibelen, frå kyrkjelyden. Litt ute i gudstenesta kom dei fram og stilte seg opp framfor altaret slik at diakon Hildegunn B. Myklebust enkelt kunne få delt ut bøkene til 5. klassingane. Då hadde ho alt fortalt litt om kva boka inneheldt.

Dette var òg dagen då vi skulle få høyra song frå det som ser ut til å vera Stjernekorret denne hausten. Dei 13 unge jentene som utgjorde Stjernekorret denne søndagen stilte seg opp framme i kyrkja. Det såg ut til at songen gjekk fint sjølv om dei samstundes skulle gjera visse rørsler til songane.

Stjernekorret er for born i alderen 4 til 9 år og øver i Sund kyrkje annankvar tysdag kl. 17.30 - 18.30.

Olai Otterå



Stjernekorret song fine songar.



Kontorleiar ved kyrkjekontoret

Tove Olene Foss Solvang (51) er tilsett som kontorleiar ved kyrkjekontoret i Sund i 100 % stilling. Ho tok til i stillinga 1. desember, men dei første vekene vil gå med til opplæring. Det er mange rutinar og gjeremål som Solvang skal få innføring i.

Som kontorleiar vil Solvang ha det daglege ansvaret for kyrkjekontoret og ho vil også få tildelt fullmakter frå kyrkjevevja i høve leiing.

Kyrkjevevja vil ha det overordna ansvaret for arbeidet i Sund og vil også vere til stades ved kontoret, delta på stabsmøte og følge opp arbeidet på vegne av soknerådet og fellesrådet.

Tove Solvang vil inngå i kyrkjevevja si leiargruppe saman med kontorleiar i Øygarden og assisterande kyrkjevevja i Fjell.

Olav Martin Vik
Kyrkjevevja



Hildegunn B. Myklebust tente lys etter kvart som Kjell-Asle Børnes las namna på dei 35 personane som var døde i Sund sidan førre Allehelgensdag.

Lys for dei døde

På Allehelgensdagen søndag 5. november vart alle dei døde i Sund minna ved at det blei tent eit lys for kvar av dei i gudstenesta i Kausland kyrkje. 35 namn vart lest opp av Kjell-Asle Børnes, og like man-

ge lys vart tente av Hildegunn B. Myklebust.

I denne gudstenesta var det elles song av Vivian Steinsland akkompangert på flygel av Melissa Hope.

Olav Otterå



Vivian Steinsland song fleire songar. Ved flygelet Melissa Hope.

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)





Alle kora samla til ei avslutning av konserten: Øygardskoret, Sotra Reviderte og Sangkompaniet.

Salmefest for Martin Luther

Det var Martin Luther som stod i sentrum då Sotra Reviderte frå Fjell, Øygardskoret frå Øygarden og Sangkompaniet frå Sund møttest til salmefest i Sund kyrkje søndag 5. november i den andre av tre konsertar i dei tre kommunane.

Alle salmane i programmet denne kvelden var salmar som Luther hadde skrive eller omsett til tysk. Det heile starta med ein salme som alle kjende til, nemleg «Vår Gud han er så fast ei borg» framført av Sotra Reviderte.

Utover i programmet var salmane inndelte slik at dei starta med salmar som handla om jul, deretter faste og påske og til slutt pinse.

Sotra Reviderte frå Fjell song fleire av salmane medan Øygardskoret frå Øygarden song både åleine og saman med publikum. Sangkompaniet frå Sund hadde inga eiga avdeling, men i den siste salmen var også Sangkompaniet med saman med Sotra Reviderte og Øygardskoret.

Innimellom alle salmane steig Martin Luther fram ved fleire høve i skikkelsen til Dag Olav Bjørøy og fortalde litt om seg

sjølv. Endå meir inngående kunnskap om Luther fekk vi i eit foredrag av Erling Kopperud. Han kunne m.a. fortelja at Luther omsette det nye testamentet til tysk i løpet av 11 veker - åleine. Luther ville nemleg at alle skulle kunna lesa bibelen sjølv og vurderer det som stod der. Luther skreiv på tysk, og etter kvart gav han Tyskland eit nytt skriftspråk.

I den nye salmeboka som kom i 2013 er det med 13 salmar som Luther har skrive i tillegg til 4 gjendiktingar frå latin.

I tillegg til salmane inneheldt programmet òg musikk av ulikt slag. Natalia Medvedeva og Eline Olsen spelte begge på orgel. Men her var òg fiolin, bratsj og ulike blåseinstrument. Det var òg ei eiga brassgruppe som kalla seg Fjell kyrkjebrass dirigert av Olav Sørheim.

Olav Otterå



Martin Luther i skikkelsen til Dag Olav Bjørøy fortalde innimellom salmane litt om seg sjølv.



Fjell kyrkjebrass vart dirigert av Olav Sørheim.

Samanslåing av fellesråd



Kyrkjeleg fellesnemnd hadde sitt første møte 18. oktober. Fv. Erling Vik, Gisle Kårbø Rong, Kjell-Asle Børnes, prosjektleiar Olav Martin Vik, Harald Rød, Jan Ragnvald Torsvik, Odd Bjarne Skogestad, Anne Grete Hareide og Brynhild Enerhaug. Foto: Anne-Kari Vik

Av prosjektleiar Olav Martin Vik

Kyrkjeleg fellesnemnd er vald frå fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden på same måten som kommunane har vald ei kommunal fellesnemnd.

Fellesnemnda er rådet som har ansvaret for samanlåingsprosessen. Prosjektleiar rapporterer til kyrkjeleg fellesnemnd. Nemnda har fått vide fullmakter i sitt arbeid fram mot 2020.

Kyrkjeleg fellesnemnd valde Harald Rød som leiar og Brynhild Enerhaug som nestleiar for perioden fram til 2020.

Fellesnemnda har gjort vedtak om oppretting av eit såkalla partssamansett utval. Det er sett saman av representantar frå arbeidsgivar og representantar frå arbeidstakarane. Samanslåinga omfattar nærare 50 medarbeidarar i dei tre fellesrådsområda og det er lagt vekt på medverknad frå alle partar i samanslåingsprosessen.

Kyrkjeleg fellesnemnd har sendt søknad om prosjektmidlar til kommunal fellesnemnd som etter instruks frå departementet skal løyve midlar til samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda.



Brynhild Enerhaug og Harald Rød. Foto: Jan Ragnvald Torsvik

Medverknad frå dei tilsette i samanslåingsprosessen

Dei tilsette har peika ut (vald) sine representantar til partsamansett utval. Det er også andre viktige møteplassar for tilsette i fellesråda og for prestane.

Det vert oppretta arbeidgrupper som vil arbeida med rutinar, oppgåvefordeling og arbeidsoppgåver som er tilpassa den nye organisasjonen etter 2019.

Det er også gjennomført kurs for m.a. kyrkjeleg fellesnemnd der det har vore særleg fokus på arbeidsgivaransvaret i høve dei tilsette.

Tilsette sine representantar er: Kari Sandøy Rong, Øygarden, Dag Reidmar Pettersen, Sund og Ellen Ebbesvik, Fjell. Sjå bilete på neste side.

Ønskjer du å halde deg oppdatert framover om det som skjer i prosessen med å slå saman fellesrådsområda kan du følgje med på denne nettsida.

www.kyrkja.no/sund

Nettsida er no i funksjon.

Deltaking frå sokneråd, frivillige og kyrkjelydane

Samanslåinga må ikkje overskygge arbeidet i sokna og eit godt arbeid lokalt. Det er også viktig at sokneråd, frivillige og kyrkjelydane vert involvert i det som skjer fram mot 2020.

Korleis dette skal organiserast vert det informert nærare om. For kyrkjelydane vert årsmøta ein viktig arena. Sokneråda har alt hatt ei samling som dei sjølv stod ansvarleg for.

Felles leiing og prosjektstab

Kyrkjeverje i Øygarden, Olav Martin Vik, er engasjert som kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden fram til 2020. Han er også prosjektleiing for samanslåing av desse fellesrådsområda. Det er ei omfattande oppgåve. Det er difor etablert ein stab som består av menneske frå administrasjonen i Fjell kyrkjelege fellesråd. Dei skal i tillegg vere prosjektstab. For å kompensere for bortfall av ressursar i Fjell i prosjektperioden vert det engasjert ein kontormedarbeidar i 80 % stilling.

Målet er at prosjektstaben skal vere i full funksjon frå 1.1.2018 og skal vekselvis arbeide med dagens drift av fellesråda si verksemd og prosjektarbeid. Me presenterer her prosjektstaben og kontorleiarane i Øygarden og Sund.



— **Olav Martin Vik** er engasjert som kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden fram til 2020. Han er også prosjektleiing for samanslåing av fellesråda. Som kyrkjeverje har han det daglege ansvaret for alle tilsette utanom prestane, overordna ansvar for m.a. økonomi, gravferdsforvaltning, kyrkjer og gravplassar.



— **Annlaug Børve** har permisjon frå stillinga som kyrkjeverje i Fjell og arbeider no som rådgivar (deltid) i kyrkjeverja sin stab fram til 2020 med særleg ansvar for organisasjon, HMS, rutinar og regelverk. I prosjektperioden vil Annlaug m.a. arbeide med organisasjonsbygging og det som gjeld formelle tilhøve for tilsette.



— **Borghild Hustad Berge** er assisterande kyrkjeverje i kyrkjeverja sin stab. Borghild har også det daglege ansvaret for verksemda til Fjell kyrkjelege fellesråd. I prosjektperioden vil Borghild m.a. arbeide med merkantilt oppbygging for den nye organisasjonen.



— **Anne-Kari Vik** er kommunikasjonsmedarbeidar og vil ha ansvar for m.a. nettsidene til fellesråda og kyrkjeleg fellesnemnd. I tillegg er det oppgåver relatert til intranett, arbeid med kyrkjeblad og merkantilt arbeid ved kyrkjekontoret i Fjell.



— **Siren Nordbø** skal ha ansvar for all dokumenthandsaming og samordning av møteverksemd i prosjektfasen. I tillegg kjem merkantilt arbeid ved kyrkjekontoret i Fjell.

Dagleg leiing av kyrkjekontoret i Øygarden

Kari Sandøy Rong er kontorleiar og har det daglege ansvaret for drifta ved kyrkjekontoret i Øygarden.



Ho har arbeida i kyrkja i mange år og har god oversikt over det meste. Kari er også dei tilsette sin representant i samanslåingsprosessen.

Dagleg leiing av kyrkjekontoret i Sund



Tove Olene Foss Solvang (51) er tilsett som kontorleiar ved kyrkjekontoret i Sund. Tove tok til i stillinga 1.12. Me ønskjer Tove velkomen i staben.

Kontorleiarane rapporterer til kyrkjeverja og dei vert også involvert i samanslåingsarbeidet.

Kari arbeider i 80 % stilling og Tove arbeider i 100 % stilling.

Dag Reidmar Pettersen er dei tilsette i Sund sin representant i samanslåingsprosessen. Dag er trusopplærar i Sund.



Arbeidsgrupper fram mot 2020

Det vert oppretta arbeidsgrupper der tilsette vert med og utformar framtida for kyrkja sitt arbeid i den nye kommunen.

Ellen Ebbesvik

er dei tilsette i Fjell sin representant i samanslåingsprosessen. Ho er kyrkjetenar i Foldnes og diakonimedarbeidar.



Myldredag i Kausland kyrkjelydshus

Mange møtte til myldredag i kyrkjelyds-
huset på Kausland 15. november. Foreldre
og besteforeldre kosa seg i lag med borna
– tenk å koma til ferdig middag!

Etter skiftet leia diakon Hildegunn Bør-
nes Myklebust nokre bevegelsesongar.

Mildred Fjøren Heggernes fortalde om
kjærleikstanken som må fyllast opp. Ho
illustrerte det med vatn i ein bolle. Vatnet
kan renna ut eller tørka opp. For å halda
nivået konstant, må det fyllast på meir
vatn. Likeeins er det med kjærleikstan-
ken inne i deg. Ved å lesa i bibelen kan
du fylla din tank med kjærleik.

Alle fekk kjærleiksrosar med seg heim.
Ved å leggja rosene i vatn ville dei opna
seg og openberre kjærleikssord frå bibelen.

Til slutt fekk alle borna laga lyslykter.

Harold Trellevik



Her skal det lagast lyslykter.



Kjærleiksrosene har sprunge ut.



Det er kjekt å spela litt.



Maten er servert.



Mildred viser at kjærleikstanken må ha påfyll.

LysVaken i Sund kyrkje

På laurdag 2. til søndag 3. desember var 37 livlege og flotte 11-åringar samla i Sund kyrkje til årets LysVaken!

LysVaken er eit nasjonalt trusopp-læringstiltak for alle 11-åringane i sokn som vil vere med, og dreier seg om å overnatte i kyrkja natt til første søndag i advent.

Gjennom bibelforteljing og «stasjonsvandring», førebuing av gudsteneste og lystenning er tema for LysVaken nettopp «Lys» og det å vere vakne: Gud søv aldri, men er alltid vaken og passar på oss. Så kan vi som fellesskap også prøve å vere vakne overfor kvarandre – sjå, ta vare på og inkludere kvarandre. Dette vil Jesus hjelpe oss med, han som Bibelen kallar «Det sanne lyset».

Det var ein glad og positiv gjeng vi fekk bli kjent med desse dagane, og gjennom måltidsfellesskap, leikar, spel og spennande og stemningsfulle aktivitetar hadde vi det super-gøy saman! På søndagen var tweensa med å lage til gudsteneste, med sang, lesing av bønner og bibeltekstar, praktiske oppgåver og utstilling av kunst og handverk.

Forteljinga vi fekk høyre frå Bibelen, handla om tweens-guten Samuel som overnatta i si kyrkje for lenge, lenge sidan. Samuel fekk oppleve at Gud såg han og tala til han. Og at Gud var interessert i å ha han med på laget sitt!

Under leing av LysVaken-general Brynhild Enerhaug blei dette ei fin oppleving for både deltakarar og leiarar! Og det var tydeleg at tweensa fekk oppleve at dei har ein plass i kyrkja vår.

Dag Reidmar Pettersen

Alle dei trettisju 11-åringane samla framme i kyrkja saman med leiarane sine.



LysVaken-deltakarane på veg inn i kyrkja.



Her er det rigga til for overnatting.



Bibelteksten blir lesen.



Mat må ein ha.



Myldredag

*- for heile familien -
besteforeldre også!*

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje!

9. januar, 6. februar
6. mars, 3. april
8. mai

Kyrkjelydshuset på Kausland!

17. januar
14. februar
18. april

**Middag - bibelfortelling -
aktiviteter - fellesskap**

klokka 17.00 - 19.00

Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

Bli med på klubb

Betweenklubben

(er frå 4. klasse og oppover):
i Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje frå
klokka 17.30 til 19.30.

Vi møtest

**23. januar, 20. februar,
20. mars, 17. april, 15. mai**

Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer
frå Bibelen, et kvelds saman.

Du og venene dine er velkomne
til å bli med!

Bli med på kor

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje
annankvar tysdag.

Stjerneketret

er for deg som er mellom 4-9 år.
Vi møtes frå klokka 17.30 - 18.30.

Betweenketret

er for deg som går i 4. klasse og
oppover. Vi øver frå 18.30 til 19.30.

Begge kora øver:

**16. og 30. januar, 13. februar,
13. mars, 10. og 24. april,
15. og 29. mai**

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13




Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO



Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01



Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London. 2017

Gud i snikkarverkstaden

Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.

Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugget ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa The Times

kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfatteren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølvst sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, sveitte og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i

det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er sår av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydte frå himmelen: « Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar sauene, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hildegunn.bornes@sund.kommune.no

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag - fredag kl. 08.00 - 17.00: **922 18 817**

Utanom desse tidene kan ein ved akutt behov for presteneste som ikkje kan vente, bruke beredskapsordninga i prostiet (sjå nedanfor).

BEREDSKAPSORDNINGA I PROSTIET

I tidsrommet 17.00 - 08.00 på kvardagar, og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet. Ved behov for teneste frå prest, tenester som ikkje kan vente (dødsbod, soknebod om døyande, sjelesorgstøtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med vakthavande prest på: **954 83 655**

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



Sund
Bok



SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

Døypte

Kausland kyrkje 5. nov.
Aslak Forland

Kausland kyrkje 19. nov.
Leah Telle Mortensen
Magnus Hagen Øvretveit

Sund kyrkje 26. november
Savannah Fjelde Fjæreide
André Olliver Telle-Gulløy
Ella Beate Eriksen Holme

Gravlagde

Sund kyrkje 7. november
Mons Mathias Nesse

Sund kyrkje 14. november
Terje Hjørnevik sr.

Kausland kyrkje 24. nov.
Johannes Midttveit

Sund Sokneblad i 2018

Sund Sokneblad vil koma ut med 6 nummer også i 2018. Bladet vil ha fargar og vil til vanleg vera på 16 sider. Den friviljuge kontingenten er på 250 kr/året.

Bladet blir distribuert til alle postkassane i Sund omlag på desse datoane:

| | |
|---------------------|-----------------------|
| Nr. 1 - 14. februar | Nr. 4 - 12. september |
| Nr. 2 - 25. april | Nr. 5 - 31. oktober |
| Nr. 3 - 20. juni | Nr. 6 - 12. desember |

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får melding om fødselen for alle nyfødde born i Sund, dersom foreldra er medlemmer i kyrkjelyden vår. Då vert det sendt ei helsing til heimen frå kyrkjekontoret med orientering om dåp. Så kan foreldra ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRÅVFERD



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontoret i Sund

Kontor og sentralbord oppe:

Tysdag og fredag kl. 09.00 - 14.00

Onsdag kl. 11.00 - 14.00

Telefon sentralbord: 56 31 90 80

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkekarvik

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkekarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00

kyrkjeverje

E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang 56 31 90 80

kontorleiar

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97

sokneprest

41 41 66 67

E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06

kantor (permisjon)

E-post: irina_piano_84@mail.ru

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98

diakon (vikar)

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52

trusopplærer

E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93

kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47

kyrkjegardsarbeidar

E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96

soknerådsleiar

E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Sund
Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkekarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.400

Egil Morland:

Om kyrkja sin kamp under krigen - og seinare



Egil Morland på talarstolen i Kausland kyrkjelydshus.

Heile 28 år var gått sidan Egil Morland slutta som prest i Sund, men på føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus onsdag 29. november var han tilbake og fekk helsa på kjende.

Frå Sund dro han for å vera stiftskapellan hos biskop Per Lønning. Etter ei tid vart han kalla til å vera leiar i presteforeininga før han vende attende til stiftskontoret. Men så vart han tilsett ved NLA og har m.a. vore rektor der. No er han tilsett der som førsteamanuensis.

Ei interesse han har hatt lenge er å finna meir ut om korleis kyrkja opptrådde under krigen. Korleis omtalte prestane den aktuelle situasjonen då? Var dei konkrete, eller brukte dei generelle vendingar? Noko som gav grobotn til interessa var at faren var krigsseglar, og dessutan har han arbeidd mykje med forkynning. Forkynninga under krigen var òg tema for doktorgraden som han tok i 2014.

Under krigen vart 25% av prestane

forviste, fengsla eller sendt i fangenskap. Men det verka som det var tilfeldig kven som vart tekne, for mange som hadde gjort verre ting vart ikkje tekne. Men mange prestar stod imot og la ned embeta sine. Kva var det som gjorde at så mange stod imot?

Under ei prestesamling i Oslo like etter krigen var det ein som meinte at vi måtte vera på vakt så ikkje noko verre rammar oss. Kva kunne så det vera? At ein humanistisk kristendom eller ideologi skal koma over landet.

I dag har vi så mykje at vi kan ha vanskar med å stå imot og kanskje tapa alt.

Mellom det som står på spel i dag er Joh. 3,16, Den vesle bibelen. Den ville ein ha bort frå dåpsliturgien fordi nokon kunne føla at orda kunne vera støytande. Kyrkjemøtet valde å gjera det friviljug å la den vesle bibelen vera ein del av dåpsliturgien. I Sund er Joh. 3,16 framleis med i dåpsliturgien.

Olai Otterå

Skulegudstenester

SUND kyrkje

Tysdag 19.12

Kl. 09.00 Skogsvåg skule

Kl. 11.00 Stranda skule

Onsdag 20.12

Kl. 08.45 Ungdomsskulen

KAUSLAND kyrkje

Onsdag 20.12

Kl. 10.30 Glesnes skule

og Telavåg skule

Søndagsskulen!

Vi møtest i kyrkjekjellaren

i Sund kyrkje

klokka 11.15 til ca. 12.00.

(Gudstenesta byrjar klokka 11)

Barn i alle aldrar er velkomne.

Datoar:

14. januar, 4. februar

18. mars,

22. april, 27. mai



Lovsongskveld

med kveldsmat

i Sund kyrkje

søndag 11. februar

og søndag 29. april

kl. 18.00



Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 7

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 31. januar